



MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Masfjorden 2/31 - oppføring av tilbygg bustadhus og dobbel garasje

Vi viser til brev frå kommunen datert 01.06.23. Saka gjeld søknad om tilbygg til hus og oppføring av garasje på eigedommen. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen og byggeforbodet i strandsona.

### Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 første ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt.

Statsforvaltaren vurderer at det er særleg landskapsinteressane som gjer seg gjeldande i denne saka. Bustaden ligg eksponert på eit nes, og rett utanfor eit området som er registrert som eit svært viktig friluftsområde (<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00026355>). Kommunen må då vurdere nøye om tiltaka vil påverke landskapet sett frå sjø og opplevinga av landskap i friluftområdet vesentleg negativt. I så fall vil ikkje dei lovgjevne vilkår for å kunne gje dispensasjon vere oppfylte.

Stasforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN